

Lindås Kommune
v/ Siril Therese Sylta

Ref. 14/5268

12.08.2014

Førespurnad om mogeleg ulovelege tiltak på eigedommen gbnr. 62/7 Tofting.

På vegne av Grethe Korsøen (eigar) vil eg Trond Tofting (ektefelle) gje ei utgreiing om tilhøvet. Om dette som er utført til no er brot på plan og bygningslova, vil eg sterkt bekla det.

Planen ved arbeidet som er gjort:

1. Rydda tomt for skog og kratt for å gje betre utsikt, samt avtale med eigar av nabotomt om å fjerne grantre.
2. Slange for avløpsvatn frå septiktank har lagt oppå bakken i alle år, såg det nødvendig å skjerma slangen i grøft til sjø. Det er i denne traseen et myrparti som er grøfta ut med rør ned mot Gardsendvika (naturleg utløpsplass).
3. Vedrørande det som er kalla terrenginngrep i strandsona, ser eg det som opprydding etter naustbygging for ca. 40 år sidan. For at Gardsendvika skal kunna nyttast som badevik/båtplass, må det ei grundig opprensning til. Det er fjerna trær og røt omkring vika, og det er også tatt opp stein og lausmassar frå sjø og elveutløp.

Dersom utført arbeid er uloveleg tiltak, beklagar eg sterkt at dette er påbegynt utan samråd med og eventuell søknad til Lindås Kommune.

Vonar at desse opplysningane er tilstrekkeleg til ei rask avklaring av saka. Vennlegs ta kontakt om det er ønskeleg med fleire opplysningar.

Mvh

Trond Tofting

